

Serviceerklæring

BARNEHAGE

FORMÅLET MED TENESTA

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.

Barna skal mellom anna utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheiter, og dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. (Utdrag frå Lov om barnehagar, §1, Formål)

INNHALDET I TENESTA

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen set forpliktande mål, krev kvalitet i det sosiale samspelet og peikar ut sju fagområde som alle barn skal få røynsle i og grunnleggande kunnskap om. Dei sju fagområda er: 1) Kommunikasjon, språk og tekst, 2) Kropp, rørsle, mat og helse, 3) Kunst, kultur og kreativitet, 4) Natur, miljø og teknologi, 5) Mengde, rom og form 6) Etikk, religion og filosofi 7) Nærmiljø og samfunn.

I Haram vil vi særleg arbeide for gode relasjonar mellom barna, mellom vaksne og barn, og mellom dei vaksne i barnehagen. Vi vil gi barna gode opplevingar gjennom leik og eiga meistring.

Kvar barnehage skal ta vare på og utvikle sitt positive særpreg.

Redusert opphaldstid

Ved redusert plass i barnehagen vil det vere aktivitetar som barna ikkje får vere med på. For at ordninga skal fungere, må faste dagar avtalast med barnehagen. Dersom eit barn er borte ein dag, blir ikkje denne erstatta med ein ny dag. Barnehagen kan invitere til særlege arrangement som fell utanfor faste dagar. I slike tilfelle kan det vere nødvendig at føresette følgjer barnet.

Barn med særlege behov

Barn med nedsett funksjonsevne

Kommunen skal fatte vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne, og slik sikre at dei får eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Plikt om tilrettelegging gjeld ikkje tiltak som inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen.

Haram kommune kan velje å tilrettelegge for barn med nedsett funksjonsevne i nokre av barnehagane.

Spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særleg behov for det. Denne retten er uavhengig av om barnet går i barnehage.

KVA BRUKARANE KAN FORVENTE AV OSS

- Vi vil møte barn og foreldre med respekt og interesse
- Vi legg til rette for at barna skal oppleve tryggleik og omsorg i eit aktivt læringsmiljø
- Vi arbeider for at alle barn jamnleg skal få oppleve glæda ved å lukkast
- Vi syter for individuell oppfølging av barna med deira ulike kvalitetar
- Vi støtter barna i å få vennskapsopplevingar og vere i samspel med andre

- Vi legg vekt på leik, glede og humor
- Vi har endringsvilje, og vil samarbeide med barn og foreldre om eit best mogleg barnehagetilbod
- Vi tilbyr foreldresamtalar og foreldremøter, og inviterer til medverknad om innhaldet i barnehagen
- Vi legg vekt på å ha tilsette med høg kompetanse
- Vi arbeider systematisk med kvalitetssikring og utvikling
- Vi arbeidar for at barna skal få gode overgangar
- Vi overheld teieplikta og opplysningsplikta.

KVA VI FORVENTAR AV BRUKARANE

- At de vil samarbeide med oss for at barna skal ha det godt i barnehagen
- At de aktivt søker informasjon og held dykk orientert om det som skjer i barnehagen
- At de gir oss tilbakemelding på både kva de er nøgd med og kva de ynskjer kan bli betre
- At de gir oss informasjon om hendingar i heimemiljøet, eller anna, som påverkar barnet
- At de set dykk inn i, og følgjer barnehagen sine rutiner og vedtekter
- At de tek ansvar for klede, utstyr og leiker som barna har med i barnehagen
- At de gir melding så tidleg som mogleg når barnet er sjukt eller har fri, og held sjuke barn heime
- At de respekterer barnehagen si opningstid
- At de respekterer andre foreldre og deira barn
- At de respekterer tilsette si teieplikt og opplysningsplikt.